



Innkalling for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 19.04.2018
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
023/2018	Plansak 12602016000100 - Kommundelplan for Bø - arbeidsmøte - gjennomgang av merknader til 1 gong offentleg høyring og ettersyn
024/2018	Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval
025/2018	Serveringsløyve - Eva Karin Klausen AS
026/2018	Rekneskap og årsmelding 2017
027/2018	Kommunedelplan for helse og omsorg for 2018-2028
028/2018	Kulturprisen 2018
029/2018	Meldingar og referatsaker

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

12. april 2018

Jon Askeland
møteleiar

Arthur Kleiveland
utvalssekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/162	18/4854

Plansak 12602016000100 - Kommundelplan for Bø - arbeidsmøte - gjennomgang av merknader til 1 gong offentleg høyring og ettersyn

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Etter at framlegg til områderegulering for Bø vart handsama vart det vedteke å gå vidare med planen som ein kommunedelplan. Framlegg til kommunedelplan vart utarbeidd og lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i tida 6/11-17 til 27/12-17, med nokre utvidingar av merknadsfrist. (Om lag 15/1-18).

Tidleg i høyringsperioden vart det halde folkemøte om planframlegget på Bø barneskule 5/12-17. På møtet vart bakgrunnen for planen gjennomgått. Prosessen gjennom områderegulering til kommunedelplan og den nyleg utførte strandsoneanalysa vart presentert. Det kom fram mange merknader til planframlegget og mange var usamd i dei vurderingane som strandsoneanalysa legg opp til. Dette viser også talet på merknader som er kome inn i samband med offentleg høyring og ettersyn. Det er i alt kome inn 33 merknader, då medrekna eit samla innspel frå ei større gruppe innbyggjarar.

Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune har motsegn mot planen. Planavdelinga har vore i møte med Fylkesmannen i Hordaland der utfordringane omkring planframlegget og motsegnene vart diskutert. Statens Vegvesen var også med på møtet.

Vurdering

Motsegnene i høve til planframlegget må løysast. Fylkeskommunen knyt dette særskild til plankrav. Dei vil ha større grad av plankrav for å sikre at undersøkingsplikta i høve til kulturminnelova §9 vert fylgt opp. Fylkeskommunen har også motsegn til at bustadområde B04 er så tett opp mot kyrkje og gravplass.

Statens Vegvesen vil ha strengare rekkefølgekrav i høve til trygg skuleveg frå nye bustadområde. Dei har også motsegn knytt opp mot byggjegrænse langs fylkesvegen. Dei vil ha 30m byggjegrænse.

Det er kome inn mange private innspel frå innbyggjarar og grunneigarar i området. Dette viser stort engasjement for utvikling av planområdet. Merknadene vil vurderast i høve til nytt planframlegg.

Konklusjon

I vedlagt merknadsliste er merknadene kommentert av rådmannen. Prioritering av merknader og eventuelle endringer skal endeleg vedtakast av styringsgruppa (formannskapet). Rådmannen vil vidare justere planframlegget og fremja saksframlegg for eventuell 2. gongs offentlig høyring og ettersyn.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedlegg:

Merknadskjema

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
	Kommunestyret i Radøy	PS	
024/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/5520

Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval

Saksopplysingar:

Arne Manger har søkt om fritak frå politiske verv i Radøy kommune ut denne valperioden. Bakgrunnen for søknaden om fritak er at han skal flytta ut av kommunen.

Arne Manger representerer Senterpartiet, og har i denne perioden følgjande verv:

- 4. varamedlem til kommunestyret
- 1. vara til kontrollutvalet
- 1. varamedlem til kommunal klagenemnd

Arne Manger opplyser at flyttedato blir ca 22. juni. Men på grunn av mykje arbeid med flytting osv, så ber om fritak frå politiske verv frå og med 31/5-2018.

Ved flytting ut av kommunen skal vedkomande representant tre ut av sine verv jfr KommuneLOVA § 15 nr 1.

Når eit varamedlem til kommunestyret går ut, vil det bli automatisk opprykk på varalista til den

Det skal gjerast suppleringsval til kontrollutvalet, der Arne Manger er 1. varamedlem.

Det skal også gjerast suppleringsval for Arne Manger som 1. varamedlem til kommunal klagenemnd.

Kommunestyret skal avgjera søknaden om fritak og skal gjera suppleringsval. Det er formannskapet som valnemnd som kjem med innstilling til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Vedlegg:

Søknad om fritak frå politiske verv

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	18/486	18/4447

Serveringsløyve - Eva Karin Klausen AS

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune mottok den 01.03.18 søknad om serveringsløyve frå Eva Karin Klausen AS, org nr. 992130237. Verksemda er eit aksjeselskap der dagleg leiar er Eva Karin Klausen f. 12.11.74.

Eva Karin Klausen AS søkjer om serveringsløyve i YX Manger, Radøyvegen 1609, 5936 Manger.

Søknaden har vore til uttale hjå Vest politidistrikt, Nordhordland kemnerkontor og Skatt vest og dei har ingen merknader til søknaden. Søkjar er registrert hjå mattilsynet.

Vurdering

I «Lov om serveringsvirksomhet» heiter det i §3:

Den som vil gjøre seg næring av å drive serveringssted må ha serveringsbevilling gitt av kommunen. Bevilling skal gis dersom kravene i §§ 4 til 6, jf § 7, er oppfylt, og det ikke foreligger forhold som av politimesige hensyn gjør det utilrådelig at serveringsbevilling gis. Bevilling gis til den for hvis regning serveringsstedet drives. Den gjelder for det serveringssted som er nevnt i bevillingen.

Dagleg leiar og styrar for serveringsløyvet er Eva Karin Klausen og ho har bestått etablerarprøven etter serveringslova §5. Det er innhenta uttale frå politiet og skattemynde og dei har ingen merknader.

Opningstider kvardagar frå kl. 06.00 til kl. 22.00, laurdag og søndag frå kl. 09.00 til kl. 22.00.

Konklusjon

Serveringsløyve vert innvilga etter serveringslova §3, slik:

- Løyvehavar: Eva Karin Klausen AS
- Dagleg leiar: Eva Karin Klausen f. 12.11.74

- Serveringsstad: YX Manger, Radøyvegen 1609, 5936 Manger
- Opningstider: Kvardagar frå kl. 06.00 til kl. 22.00, laurdag og sundag frå kl. 09.00 til kl. 22.00.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Serveringsløyve vert innvilga etter serveringslova §3, slik:

- Løyvehavar: Eva Karin Klausen AS
- Dagleg leiar: Eva Karin Klausen f. 12.11.74
- Serveringsstad: YX Manger, Radøyvegen 1609, 5936 Manger
- Opningstider: Kvardagar frå kl. 06.00 til kl. 22.00, laurdag og sundag frå kl. 09.00 til kl. 22.00.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/31	18/3128

Rekneskap og årsmelding 2017

Saksopplysingar:

Rekneskap og årsmelding for 2017 vert med lagt fram for godkjenning, slik det går fram av vedlagde rekneskapsdokument med revisjonsmelding og årsmelding.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding og rekneskap for 2017 vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Årsmelding endeleg 2017

Rekneskapsdokument_2017_endeleg

Kontrollutvalet Radøy _ særutskrift rekneskap og årsmelding 2017

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Grete Algrøy Herøy	18/620	18/4187

Kommunedelplan for helse og omsorg for 2018-2028

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I kommunal planstrategi for 2016-2019 er det lagt til grunn at det skal utarbeidast kommunedelplan for helse og omsorg. Etter gjeldande retningslinjer vart det (i F sak 45/2017 1.6.2107– K sak 29/17 15.6.2017) vedteke planprogram for arbeidet. RO senteret (ressurscenteret for omstilling) har vore konsulent i planarbeidet som starta opp 5.januar 2018. Det vart då arbeidd intenst med planen gjennom fleire heildagsmøter (6. og 7. februar) , og deretter følgd opp med lokale arbeidsøkter 8. og 21. mars. Alle einingsleiarar for tenester under helse og omsorg har medverka i prosessen. Hovudtillitsvald for Fagforbundet har delteke i arbeidet. I perioden med arbeid med planen, har det vore skifte i stillinga som kommunalsjef.

Vurdering:

Helse og omsorg er eit komplekst tenesteområde, men mange brukarar i alle aldrar og med eit utall av oppgåver som skal løysast heile døgnet, heile året. Som det går fram av planen er det ei rekkje lover, stortingsmeldingar og planar som ligg til grunn for arbeidet som kommunane skal utføra.

Utviklinga går raskt og brukarmassen er i endring. Det er mange krav både frå brukarar, pårørande og tilsette som til saman skal sikra eit så godt liv som råd for dei innbyggjarane som treng det. Planen prøver å fange opp og gje svar på ein del av dei problemstillingar som ligg i framtida.

Ein sentral målsetjing er at ingen avgjerd skal bli teken utan at brukaren sjølv er involvert. Som tenesteytar er motto at ein alltid skal sjå det moegelege i situasjonen. Det er ingen revolusjon i dette, men det er ei tydelegegjerding av brukarperspektivet og målet om at alle situasjonar kan løysast. Nokre gonger tek det meir tid og ressursar enn ein er budd på. Likeeins er begrepet saumlause tenester blitt brukt fleire gonger, noko som indikerer at ein så langt det er råd ser over vanlege opptrakka grenser mellom tenestene og ser på mulige løysingar saman og på tvers av avdelingar når det er tenleg og moegeleg.

Dei sentrale omgrepa i planen er;

- o Auka satsing på folkehelse/forebygging, tidleg innsats og aktiv omsorg.
 - o All tenesteutøving skal støtta opp under brukar og pasientane sine eigne ressursar, kvardagsmeistring – hjelp til sjølvhjelp.
- o Yta tenester etter beste effektive omsorgsnivå (BEON-prinsippet).
- o Satsa på kvalitetsutvikling, kompetanse, rekruttering og halda på medarbeidarar.
 - o Gjennomgang av rutinar og system for tildeling av tenester for å sikra ein heilskapleg praksis for vurdering og tildeling.
- o God informasjon og kommunikasjon om tenestetilbodet.
 - o Etablera ein «saumlaus» praksis mellom einingane der dette er nødvendig. Gjeld på system- og individnivå.
- o Etablera eit gjensidig godt samarbeid med frivillige og næringslivet.
- o Etablera ei forståing for at kontinuerleg utvikling / forbedring er nødvendig

Kva er viktig eller viktigast i Radøy framover:

Samla er dei mest sentrale utfordringane i dei 4 første åra i planperioden (ikkje i prioritert rekkefølge) :

- Leder-medarbeiderskap
- Ansvarleggjering – ansvar for eget liv
- Politisk «ryggdekning»
- Individuelt tilrettelagte tenester, kompetanse og samhandling
- Ta i bruk velferds- og smartteknologi
- Redusere sjukefråværet
- Turnover
- Heil-deltid, rekruttering
- Fastlegeordninga

I 8 års perioden:

- Rekruttering
- Sikre tilgang på nødvendig kompetanse
- Tilgang til «like» tjenester i Alver kommune

Strategiar for å nå måla:

Det er lista opp 9 område som satsingsområde i planperioden. Mykje av dette gjer ein alt i dag, men det er nødvendig å framleis styrka desse områda. Kvant av områda er nærare omtala og utdjupa i planen.

1. Førebygging
2. Tidleg innsats
3. Kvardagsmeistring
4. Frivillig arbeid
5. Velferdsteknologi
6. Innovasjon
7. Kompetanse
8. Rekruttering
9. Omdømme

Av handlingsplanen (sist i dokumentet) er tiltak lista opp under kvar sin kategori med ansvar og økonomi plassert slik ein planlegg å løysa dei problemstillingane som er kome opp.

Mange av tiltaka skal gjerast innanfor eksisterande rammer, nokre har mindre økonomiske konsekvensar og nokre er MÅ oppgåver som m.a. kjem som følgje av endringar i lov/forskrift. I Primærhelsemeldinga er det slått fast at kommunane har ansvar for å ha kommunale ergoterapeutar med verknad frå 2020. Det er ei ny oppgåve som det er lagt inn pengar til i handlingsplanen alt i 2019, for å koma i gang snarast råd. Velferdsteknologi er ei stor satsing som går vidare inn i åra som kjem. Sentrale områda i planen er å behalda og utvikla vidare gode og saumlause tenester og vera framtidsretta i bruk av velferdsteknologi.

Folkehelse: Denne planen har mykje folkehelse i seg. Her er det i større grad enn før, lagt vekt på både godt førebyggingsarbeid og på det ansvaret den einskilde har for å ivareta eigne funksjonar så godt som råd og så lenge som råd.

Økonomi: Planen har økonomiske konsekvensar over mange år. Målet er at dei tiltaka som er lista opp i handlingsplanen sin økonomidel vert tekne med vidare inn i kommunen sin økonomiplan for dei komande åra. For 2019 ser planen slik ut:

- | | |
|---|------------|
| - Vidareføra friskliv- og mestringstilbod | kr 100.000 |
| - Samlokalisere dag/aktivitetstilbod | kr 250.000 |

-	Fødselsførebuande kurs	kr 50.000
-	Tilbod om førebyggjande heimebesøk til eldre	kr 300.000
-	Systematisk integrering av flyktningar	kr 650.000
-	Oppfølging av personar med låg bukompetanse	kr.650.000
-	Diverse kompetansetiltak	kr 120.000
-	Heilskapleg organisering av rustenesta	kr 400.000
-	Velferdsteknologi	kr 800.000
	Ergoterapeut	kr 600.000

På punktet oppfølging av personar med låg bukompetanse er eit skrikande behov for snarleg tiltak, og her er det lagt inn pengar alt for inneverande år.

Konklusjon:

Delplanen har mange gode og store målsetjingar som krev ressursar på ulike område om vi skal lukkast i arbeidet med å ha ei framtidretta, kompetent og brukartilpassa teneneste. Det er ei rekkje krav som skal innfriast og vi vil gjerne gje innbyggjarane gode tenester og dei tilsette gode arbeidsforhold for å utføra desse. Økonomi er avgjerande for at mange av tiltaka kan gjennomførast.

I planstrategien var det lagt opp til at det skulle vera høyring på planen i tida 1.juni – 17. juli. Dersom formannskapet sluttar seg til planen slik den ligg føre no, vert den sendt på høyring til aktuelle instansar frå 23. april til 1. juni og ein tek då sikte på å få den ferdig handsama i kommunestyremøtet 21. juni . Eventuelle innspel til planen vil følgja saka til den kjem til endeleg behandling i kommunestyre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet sluttar seg til planen slik den ligg føre. Planen vert lagt ut på høyring til dei aktuelle instansar i perioden 23. april – 1. juni 2018. Eventuelle innspel vert lagt med til endeleg handsaming i kommunestyret.

Vedlegg:

Rapport Evaluering av helse- sosial og omsorgstjenesten i Radøy kommune 14.mars 2018

Radøy kommune - Høyringsutkast- Kommunedelplan helse og omsorg 3.april 2018

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/513	18/5127

Kulturprisen 2018

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune kan kvart år dela ut ein kulturpris for å heidra einskildpersonar eller organisasjonar som har lagt ned stort arbeid innan kulturfeltet, eller som har merka seg ut gjennom gode prestasjonar på nasjonalt nivå.

Kulturprisen har vore kunngjort gjennom kommunen sine annonsesider i Strilen, på nettsidene til kommunen, på kommunen si facebookside og i brev til lag og organisasjonar. Frist for å koma med framlegg til kandidatar var sett til 1. april.

Det er kome inn seks framlegg på kandidatar til kulturprisen innan fristen. Frå tidlegare år ligg det òg føre framlegg på kandidatar som ikkje har nådd opp.

Vurdering

Saka vert lagt fram til drøfting og avgjerd.

Konklusjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting og avgjerd.

Vedlegg:

Forslag 1

Forslag 2

Forslag 3

Forslag 3 - grunngjeving

Forslag 4

Forslag 5

Forslag 6

Tidlegare framlegg som ikkje har nådd opp 2017

Tidlegare kulturprismottakarar

Retningsliner for tildeling av kulturprisen

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/940	18/5393

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- Fellesnemnda for Alver kommune – møteuskrit 9. april 2018
- Ordninga med kommunalt tilskot til inkludering og integrering – tilbakemelding
- Stor folkehelseundersøking i Hordaland – pressemelding Hordaland fylkeskommune
- Orientering – status investeringar 2018
- Orientering – status arbeid med delrevisjon kommuneplan
- Orienteringar frå rådmann/ordførar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Fellesnemnd for Alver _ Møtebok 09.04.2018

Tilskotsordninga for inkluderings- og integreringstilskot

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018